

Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 2

april 2006

Årgang 16

**Hei, kom te kappleik på Beitostøle
Mø skaffa alle eit lite bøle
Der bi dæ musikk førutta stans;
dra me de gubben o kom o dans!**



Solveig Hårdnes og Ole Aastad Bråten marknadsførte Landskappleiken 2006 med friske fråspark under årsmøtet i Lfs på Beitostølen i november.

- Oddrun Hegge held fram som leiar
- Lokalkappleik med ny vri
- Utvida styre i Valdres Folkemusikklag
- Spelfantar og spellopper – dokkedansseminaret vel blåst
- Kari Hauge – ny informasjonsmedarbeidar
- Kongepokal i eldre folkemusikkinstrument og langeleik

GODE LESAR AV LÅT Ò LINK!

Takk for ny tillit! Eit svært engasjert årsmøte var inspirerende og gjer det artig å få halde på i leiarstillinga eitt år til. Det tek mykje tid, men det er ein del av livsstilen. Og det er mange å dele livsstil med i Vfl dette året. De er mange som får prøvd organiseringsevne og samarbeidsmoro, og eg vil tru på aukande spenning utover våren framfor ein utfordrande sumar. Takk for at de står på!



Arbeidsprogrammet er som vanleg stort. Det aukar, og snart må ein bruke tal framfor alfabet for å nummerere (a–v = 22 punkt). Hovudtrekka i programmet er ambisjonar om brubygging. Bruer går mellom lokallaga, medlemmane, til kulturskule, til Ung i Valdres, mellom andre institusjonar som museet, arkivet, folkemusikkgruppa, til andre fylkeslag, LfS, Rff. Ein treng breie kontaktflater, og årsmøtet var samstemt om profilen.

Styret vart auka med ein medlem til seks fullverdige medlemmer inkl. representanten frå Valdres Folkemuseum. Årsmøtet gjekk inn for eit framlegg frå mindretalet i styret og fekk gjennom at museet framleis skal ha ein styreplass framfor observatørplass, slik fleirtalet føreslo. Debatten vitnar om eit vake årsmøte med stor kjærleik til museet og museet sine vedtekne plikter for å ivareta immateriell valdreskultur innanfor spel og dans. Eg ser fram til å koma i gang og få sett det nye styret i arbeid, og eg vil takke avtroppande styremedlem Trygve Bolstad for samarbeidet og perspektiva som han drog opp i debattane dei siste tre åra.

Som sagt, året framfor oss er spanande. Takka vera at de medlemmer har synt innsatsvilje så mang ein gong, er det ingen angst ute og går. Me møtest på bruene!

Beste helsing Oddrun Hegge

FRISTAR FOR STOFF TIL LÅT O' LINK 2006

3/2006: 25. august

4/2006: 15. november

Fristane for stoff til nr. 3 og 4 kan bli justerte noko, ut frå aktuelle hendingar. Bladet kjem til lesarane om lag ei veke etter stoff-fristen.

Redaksjon for Låt o' Link: Aud Søyland, Knut Aastad Bråten og Ole Aastad Bråten
Formgjeving: Nils Leine. Trykk: Solveig Hårdnes.
Innbinding og utsending: Anne Marie Aastad Bråten
Ta gjerne kontakt med redaksjonen! Tlf.: 990 37 584 – E-post: aud.soyland@bbnett.no

FRISTAR FOR TEVLINGAR OG KURS

For å delta i tevlingane på Landskappleiken og Landsfestivalen er det ein føresetnad at ein har betalt medlemsavgift i LfS. Under tevlinga er det viktig at alle møter i god tid, slik at tevlinga kan gjennomførast etter programmet. Dei som ikkje møter når dei skal, kan bli strokne frå lista.

Påmeldingsfrist til Landskappleiken er 15. mai

Fristen for open klasse var 1. april, så der er det altså for seint å melde seg på no. Gå inn på www.landskappleiken.no, og bruk påmeldingsskjemaet der, eller fyll ut påmeldingsskjemaet i Spelemannsbladet, og send det til LfS, Boks 440 Sentrum, 0103 Oslo, eller på faks til 22 00 56 21.

Påmeldingsfrist til Landsfestivalen er 6.6.06 kl. 06

Det blir kvalifisering til open klasse.

Gå inn på www.landsfestivalen.no, og bruk påmeldingsskjemaet der, eller fyll ut påmeldingsskjemaet i Spelemannsbladet, og send det til LfS, Boks 440 Sentrum, 0103 Oslo, eller på faks til 22 00 56 21.

Påmeldingsfrist for Strunkeveko er 15. mai

Strunkeveko er i år i dagane 23.–28. juli. Gå inn på www.strunkeveko.com, og bruk påmeldingsskjemaet der, eller fyll ut skjemaet i faldaren og send det til Strunkeveko, Tyinv. 27, 2900 FAGERNES.

Juniorlag på Landskappleiken!

Me oppfordrar alle juniordansarar som har lyst, til å bli med i lagdans på Landskappleiken på Beitostølen. Meld frå til Stian på telefon 907 22 690, dersom du vil vera med. Alle som deltek får gjennomgangsbillett på heile Landskappleiken. Me begynner å øve i begynnelsen av mai.

Tone og Stian

FØREBUING TIL LANDSKAPPLEIKEN!

Langeleikspelarane har lagt seg i hardtrening til kappestrid på Beitostølen til sumaren. Til no har dei hatt tre samlingar i spelemannsstogun i Øystre Slidre. Talet på fram møtte har diverre gått nedover sidan fyrste samling, men initiativtakarane vonar fleire vil bli med etter kvart. Neste samling er: 25. april, 23. mai og 20. juni kl. 19.30.

Landskappleiken

BEITOSTØLEN 2006

NO LYT DU MELDE DEG PÅ!

Som alle bør ha fått med seg: Valdres Folkemusikklag er arrangør av Landskappleiken 28.juni – 2.juli. La dette inspirere deg til å melde deg på Landskappleiken, kanskje for aller første gong! Målsettinga er å få rekordmange valdrisar på tevling-sprogrammet! Påmelding på www.landskappleiken.no.

Frist: 15.mai.

Dersom du treng overnatting, må du raskt ta kontakt med Beitostølen Booking eller Beitostølen Camping, då det er få ledige senger att!

Vi treng framleis meir dugnadshjelp! Ved å ta tre vakter à fire timar får du gratis gjennomgangsbillett, gratis mat, t-skjorte og ein real dugnadsfest (fest for dei som har min. to vakter). Ikkje nøl! Ta kontakt med dugnadsjef Tone Meisdalen og meld deg på. Tlf. 99 49 08 15. E-post: tone.meisdalen@oppland.org

Velkomen til minnerike dagar på Beitostølen!

Anne Strand Moen, ansvarleg for presse og PR

Dette synet møter dei som kjem til Beitostølen og Landskappleiken via helikopter.



STRUNKEVEKO – STØRST I 2006

Strunkeveko er det største sumarkurset i folkemusikk og folkedans for born og unge i Noreg. Kurset blir arrangert på Valdres folkehøgskule på Leira i Valdres i tidsrommet 23.–28. juli. Valdres Folkemusikklag er arrangør av Strunkeveko, og for niande gong tilbyr me dei kulaste instruktørane og hottaste konsertane i Folkemusikk-Noreg.

Riddarspranget

Storsatsinga i 2006 er kurs i folkedansteater. Strunkeveko fylgjer opp trendane frå dei store teaterscenene i landet. Dei siste åra har folkedans, folkemusikk og teaterkunst smelta saman – med audmjuk respekt for kvarandre. Dette har gjeve oss eit heilt nytt sceneuttrykk!

Deltakarane på kurset i folkedansteater grip fatt i denne trenden og blir den bindande lekken i storframsyninga ”Riddarspranget”. Ellen Persvold, Martin Myhr og Leif Stinnerbom er instruktørar. Dette borgar for kvalitet på svært høgt nivå.

Kurs

Strunkeveko kan elles by på kurs hardingfele, langeleik, vanleg fele, toradar, dans med vekt på halling, song, munnharpe/fløyte/lur og arrangering av folkemusikk.

Konsertar

Strunkeveko har også ei konserttrekkje. I 2006 tilbyr me:

- Lærarkonserten ”Lærarar gjer ting dei ikkje kan”, Valdres folkehøgskule måndag 24.07.
- Den glamorøse sjokoladekappleiken ”I rampelyset”, Valdres folkehøgskule onsdag 26.07.
- Gjestekonserten ”Hekla stålstrenger”, Kulturhuset på Fagernes torsdag 27.07.
- Avslutningskonserten ”Riddarspranget”, Valdres folkehøgskule fredag 28.07.

KANDIDATAR TIL HALDOR RØYNES ÆRESPRIS

Nemnda for minnefonda vil gjerne ha framlegg til kandidatar som fortener Haldor Røyne's Ærespris. Prisen blir delt ut fredag under festframsyninga på Jørn Hilme-stemnet.

Send framlegg **innan 1. juni 2006** til nemnda for minnefonda ved:

- Elisabeth Kværne, Hjelle, 2910 Aurdal 613 65 190 / 900 45 834 –

elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no

- Knut Aastad Bråten, 2900 Fagernes, 907 68 797 – lauskar@hotmail.com

- Ola Hjelle, 2960 Slidre, 61 34 34 57 / 480 33 415 – ol-hje@online.no

RAGNA I 100

Den evig unge langeleikspelaren Ragna Brenno Frydenberg fyller 100 år 9. april. Då blir det selskap og konsert på Silurveien aldershjem i Oslo, der Ragna bur. Ragna Brenno Frydenberg har lagt ned ein stor innsats for å fremje langeleikspelet og tradisjonen kring leiken. Frydenberg mottek i dag statens stipend for eldre fortente kunstnarar. I 2004 fekk ho Kongens fortjenestemedalje i gull. Låt o' Link gratulerer Ragna med 100-årsdagen!

CD MED UNGE UTØVARAR FRÅ VALDRES

Lydsma lydstudio og CD-produksjon, ved Tommy Hansen, er snart i mål med cd nr. 2 med unge folkemusikkutøvarar frå Valdres. Denne gongen er heile 18 unge utøvarar i 20-åra med, og plata har eit variert innhald av salmetonar, viser, runddanslæte og byggedanspel i solo og samspel. Cd-en blir klar til Landskappleiken på Beitostølen, og i likskap med cd-en Lått & leven 2001 vil overskotet av salet gå til rekrutteringsarbeid, formidla via Valdres Folkemusikklag.



INFORMASJONSMEDARBEIDAR

Kari Hauge er på plass som informasjonsmedarbeidar for Jørn Hilme-stemnet. Engasjementet i 20 % stilling varer frå 1. februar til og med 31. august, og vart lyst ut i avisa Valdres og på mailinglista til Valdres Folkemusikklag i januar.

Hovudoppgåvene til informasjonsmedarbeidaren er generell marknadsføring av festivalen, og vidareutvikling av samarbeidet med reiseliv og næringsliv i regionen.

Kari Hauge, tidlegare informasjonsmedarbeidar ved Det Norske Teatret, skal no informere om Jørn Hilme-stemnet.

HILME-STEMNET: PROGRAMMET ER KLART

No er programmet for det 46. Jørn Hilme-stemnet på plass! Styringsgruppa har lenge ynskt å få til fleire konserttilbod tidleg i stemneveka. I år kjem stemnet til folket. Tysdag kveld blir det konsert i stølslaget Jaslangen i Vestre Slidre. Jaslangen ligg ikkje så langt ifrå vedunderlege Grunke, og Margit Sandemo har takka ja til å vera med. Det same har Marit Mattisgard, Henning Andersen, Anders E. Røine og Hallgrim Hansegård. Konserten kjem i reprise i andre omgjevnader på museet laurdag.



Saman med Margit Sandemo kan du oppleva mystiske Grunke (nesten), eller iallfall trolske Jaslangen.

Det gratis gamalddanskurset tysdag og onsdag har vorte eit populært tilbod, og onsdagskvelden bed vi kursdeltakarar og andre med på Folkemusikkpøbb på Fagernes Hotell. Kursprogrammet torsdag og fredag omfattar fleire springarkurs, song, munnharpe, langeleik og hardingfele. Vi minner om påmeldingsfristen 10. juli!

I den tradisjonelle festkonserten fredag strekker vi handa ut til hallingane. Hallgrim Berg og Marit Mattisgard vil denne kvelden leie oss gjennom eit program med spel og dans som får tittelen "Springaren i ValHall – Rytmask morotime i tretakt".

I år som i fjor riggar vi til ein overbygd ute-scene på museet. Trekkplasteret laurdag blir P.A. Røstad juniors orkester, men fredagen byr òg på utfordringar for dei danseglade. Stian Roland organiserer i skrivande stund ein gamaldanskarusell med dei fremste gruppene i Valdres. Dansen byrjar torsdag og stoppar ikkje før dei siste forlet Fagerlund Gjestehus

seint søndag kveld.

Vi avslører òg nokre høgdepunkt frå dei mindre scenane: Her møter vi mellom andre Håkon Høgemo, Gjermund Larsen og Maj Britt Andersen. Dei to siste presenterer eit Prøysen-program under tittelen "Dørstokken heme". Tilbodet til barn og unge blir som vanleg breitt, ikkje minst gjennom samarbeidet med Strunkeveko. Det blir barnekonserter og barneteater med både lokale og tilreisande aktørar.

Kjem på TV gjer vi òg; NRK lagar ein halvtimes sending frå stemnet. Programmet blir sendt torsdag 3. august. Jørn Hilme kjem i godt selskap i ein serie på seks festivalprogram der dei andre m.a. er Quart-festivalen i Kristiansand, Molde-jazz og Øya-festivalen i Oslo. Vi stolar på vergudane og inviterer som vanleg til det beste Hilme-stemnet gjennom tidene.

Kari Hauge



April

Onsdag 12. april kl. 19: Påskefest, Onstadtunet, ØS
Onsdag 19. april kl. 20: Springarøving, Kvamshall, Vfd/Vkv
Sundag 23. april kl. 19: Sundagsdans, Spelemannsstogo, ØS
Fredag 28. april kl. 19.30: Springarøving, Slidrehuset, Vår

Mai

Fredag 5. mai kl. 20: Fredagsdans og konsert m/Valdres folkemusikkgruppe, Spelemannsstogo, ØS
Onsdag 10. mai kl. 20: Springarøving, Kvamshall, Vfd/Vkv
Onsdag 10. mai kl. 19.30: Springarøving, Slidrehuset, Vår
Sundag 14. mai kl. 19: Sundagsdans, Spelemannsstogo, ØS
Fredag 19. mai kl. 19.30: Springarøving, Slidrehuset, Vår
Onsdag 24. mai kl. 20: Springarøving, Kvamshall, Vfd/Vkv
Sundag 28. mai kl. 19: Sundagsdans, Spelemannsstogo, ØS
Onsdag 31. mai kl. 19.30: Springarøving, Slidrehuset, Vår

Juni

Fredag 2. juni kl. 20: Fredagsdans og konsert m/elevar frå Lått o' leven, Spelemannsstogo, ØS
Onsdag 7. juni kl. 20: Springarøving, Kvamshall, Vfd/Vkv
Fredag 9. juni kl. 19.30: Springarøving, Slidrehuset, Vår
Sundag 11. juni kl. 19: Sundagsdans, Spelemannsstogo, ØS
Onsdag 21. juni kl. 20: Springarøving, Kvamshall, Vfd/Vkv
Sundag 25. juni kl. 19: Sundagsdans, Spelemannsstogo, ØS
28. juni – 2. juli: Landskappleiken på Beitostølen, Vfl

Juli

Fredag 2. juni kl. 20: Fredagsdans og oppsummering frå LK, Spelemannsstogo, ØS
19.–23. juli: Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Melhus
23.–28. juli: Strunkeveko, Vfl
24.–30. juli: Jørn Hilme-stemnet, Vfl

August

5.–6. august: Tur til Västanå teater for å sjå Tryllefløyta – ein folkeopera.
26. august: Minnekonsert etter Olav Jørgen Hegge og Olav Viken

Springar- og gamaldanskurs

Øystre Slidre spel- og dansarlag har springar- og gamaldanskurs på Solhaug i april og mai.
Munnharpespelarane har tilbod om å spela heime hjå Rolf Karlberg.

LOKALKAPPLEIKEN 2006, EIN FLOTT VINTERDAG PÅ ÅSVANG



Mange rekruttar og juniorar deltok i dans og spel på lokalkappleiken, og gjev oss tru på framtida. Her er Solfrid Olmhus, Hanne Bjørnødegård og Trude Bakke, som vann lagspel junior. Solfrid Olmhus vann dessutan langeleik solo junior.

etter kvart lagdans, der Vestre Slidre folkemusikk- og danselag, Vårflaumen og Valdreskvelven stilte. I tillegg stilte Grabukkadn, men dommarane sende dei på dopingtest fordi ei av deltakarane hadde mistenkjeleg kvinnelege former.

Runddanstevlinga føregjekk i avslappa former: Alle som ville, dansa så mykje dei ville, og så plukka dommarane ut eitt par som vart utnemnde som kveldens dansepar. Tittelen gjekk til Aaste Månum Ødegaard og Ivar Hemsing.

Ein strålende kappleik på Åsvang! Takk til arrangørane i Valdreskvelven!


Laurdag 25. mars vart det arrangert lokalkappleik på Åsvang, med Valdreskvelven spel- og dansarlag som tilskipar. Mange deltok i spel, men berre eitt dansepar var på scena under kappleiken. Straks etter at tevlinga var ferdig, vart det premieutdeling, ei fin løysing for dei som var interessert i korleis resultatlista såg ut. Blant juniorane vart to trekte ut til å gå på Pizzahytta med Knut og Ole, Ingvild og Gro. Dei heldige var Anna Ødegården og Ole Kjetil Granlund, begge frå Valdreskvelven.

Etter eit par timars opphald i programmet braka det laus med konsert med både kjente lokale utøvarar frå Valdres og meir eksotiske innslag frå mottaks-senteret i Vang.

Kvelden var enno ung då dansespelet kom i gang. Det vart et-

Gro Arneng og Aud Søyland

Mjølkerampa



Gåta i nummer 1 lydde:

Oddrun vil farge håret, men Knut nektar.

Rett svar:

Oddrun vil farge «håret på nyfela», men Knut nektar.

Fela er elles ferdig, og kan prøvast når du er innom ein tur.

Ingen hadde levert svar til rett e-postadresse, som er

knut.opheimsbakken@valdres.museum.no

Gåte nummer 2:

Kven lagar lakkharpiksen me

brukar på instrument?

Er det ein fisk, ei lus, Odd Gleditsh, meitemarken, eller kom med forslag..!

Helsing Knut Opheimsbakken,

jf. adressa ovanfor.

Vits

Ole og Knut reiste på isfiske. Dei kom glade og fornøgde heim med 30 kilo is....

VALDRISAR UTAN MÅL OG MEINING?

Redaksjonen i Låt o' Link vil rette ein peikefinger til kvinner og menn i Valdres-bygdene. "Mjølkerampa" skal vera eit diskusjonsforum der de kan koma med forslag og kritikk de måtte ha på hjartet. Ettersom lesarane ikkje vågar ytre seg, blir "Mjølkerampa" ikkje anna enn ei tannlaus side utan mål og meining. Oppmodinga frå redaksjonsrådet blir difor: Kom med meiningane dine!

NYTT STYRE I BEGNALJOM SPEL- OG DANSARLAG

Trygve Bolstad er nyvald leiar i Begnaljom spel- og dansarlag, og no gler han seg til sumaren og landskappleiken på Beitostølen.

– Me fantaserer om å stille eit spelemannslag på landskappleiken på Beitostølen. Me har enno att tre speløvingar til å finne storforma, så me får sjå, seier Bolstad. Øvingane er i samarbeid med juniorlaget Bjørkestubben.

ETNEDAL SPEL- OG DANSARLAG – PÅ VEG OPP?

Det har ikkje vore mykje aktivitet å skryte av i Etnedal spel- og dansarlag dei siste åra, men no ser leiaren i laget, Ellen Wiborg Sannerud, endeleg eit lysglimt i den mørke tunnelen.

– Etter mange år i dvale har eg no trua på at etnedølen vil opp av godstolen sin. Eg meiner me skal satse på det me har vore flinke på, og som me har lange og gode tradisjonar for i Etnedal. Gamaldans og toradarmusikk er noko av dette, seier Sannerud, som no tek utfordringa med å få liv att i laget.

– Kva er grunnen til at laget ikkje har hatt nokon aktivitet?

– Me har få medlemmer, 12–13 stykke, trur eg. Me har problem med å få til eit arbeidande styre, og årsmøte har me ikkje hatt på to år. Ein konsekvens av dette er at me slit med rekrutteringa, seier Sannerud, som trur samarbeid med andre liknande lag er det som skal til for at laget no skal lykkast.

– Eg har tru på eit samarbeid med Fridom Ungdomslag og kommunen. Dei har i alle fall kome med positive signal til samarbeid, seier Sannerud.

ODDRUN HELD FRAM SOM LEIAR

Oddrun Hegge tok attval som leiar i Valdres Folkemusikklag på årsmøtet 24. mars. Ho fekk ståande applaus då valnemnda v/Bjørn Strand la fram forslaget.

Årsmøtet vedtok eit ambisiøst arbeidsprogram som styret får i oppgåve å gjennomføre. Så ambisiøst var det at somme meinte ein burde dele det over fleire år. Men styret syntest det fekk gjelde for komande arbeidsår, og bad årsmøtet heller sjå gjennom fingrane med at styret ikkje greier gjennomføre alt. Landskappleiken, Strunkeveko og Hilme-stemnet er dei største lyfta laget skal ta komande år, men styret har òg ansvar for å dra i gang lokalkappleik, leiarsamlingar, debattforum, folkemusikkscena, gje ut Låt o' Link, halde kontakt med andre nærskyldte instansar, representere ymse stader...

I tillegg til Oddrun Hegge sit desse i styret for Valdres Folkemusikklag 2006–2007: Tone Voldhaug og Aud Søyland (ikkje på val i år), Gro Arneng og Ivar Hemsing (valde for to år), og ein representant for museet. Varamedlemmer er Magne Olav Selland, Johanna Fuglesteg og Marit Hansegård.

Medrekna utsendingar, underhaldningskrefter, styret og tilsette i Valdres Folkemusikklag var ca. 20 samla til årsmøte, men berre seks av dei tjue var valde utsendingar med stemmerett. Med full representasjon skulle det ha vore 14 utsendingar. I etterkant ser styret at ein bør be laga melde frå kven som kjem som utsendingar, slik at årsmøtet kjennest meir forpliktande.

TORILL TEK SIGNALA

På årsmøtet i Valdres Folkemusikklag 24. mars foreslo styret å vrake museumsrepresentanten til fordel for ein uavhengig styremedlem. Men årsmøtelyden ville det annleis.

Bakgrunnen for forslaget er at museet har vist lita interesse for arbeidet i styret i folkemusikklaget. Deltakinga på styremøta har heller ikkje vore noko å skryte av. Sidan årsmøtet for eitt år sidan har ikkje museet møtt på eit einaste styremøte.

– Eg trur det beste vore om museet hadde fått sleppe å møte opp på styremøta i VfI, var kommentaren frå styremedlem Aud Søyland, – dei har så mange oppgåver dei skal ta seg av.

Men årsmøtet ville det annleis. Valdres Folkemusikklag fekk derimot kritikk for ikkje å sjå dei historiske linene og si eiga forankring til nettopp museet. – Museet må syne interesse for folkemusikken, om dei skal takast alvorleg. Folkemusikk og folkedans er trass alt eit av dei viktigaste arbeidsfeltene for museet, var ein kommentar. Styret fekk også spørsmål om dei hadde diskutert situasjonen med museet. – Me har sendt eit brev og underretta dei om saka, men me har ikkje høyrte noko frå dei, sa styret.

Torill Thømt ved Valdres Folkemuseum stadfestar at dei har motteke eit brev frå Valdres Folkemusikklag. Grunna stort arbeidspress har dei ikkje hatt tid til å kommentere forslaget. Thømt lovar likevel at det skal bli orden i saka. – Me tek signala frå styret i Valdres Folkemusikklag, og arbeider no for å finne ein person på museet som kan ta styrevervet i folkemusikklaget, seier Thømt.

NY LEIAR I NFD

Utbytarorganisasjonen Norsk Folkemusikk- og Danselag hadde årsmøte laurdag 1. april. Valnemnda, der mellom andre Tore Bolstad var med, hadde ikkje klart å einast om ei felles innstilling til styrerepresentantar og leiar. Synnøve Bjørset frå Jølster, også ho i valnemnda, meinte ti år med Hallvard Kaasa i leiarstolen var meir enn nok. Difor la ho fram eige framlegg til nytt styre og styreleiar. Bjørset fekk tilslutning frå årsmøtelyden, og styret kan dermed ta fatt på ein ny epoke med Åshild Vetrhus som leiar. Låt o' Link gratulerer Vetrhus med leiarvervet og oppmodar med det same oppisjonen i Kvite-Russland til å lære av revolusjonen i NFD.

VIKTIGE NETTADRESSER

Valdres folkemusikklag: www.valdresfolkemusikklag.no

Strunkeveko: www.strunkeveko.com

Jørn Hilme-stemnet: www.hilme.com

Landslaget for Spelemenn: www.folkemusikk.no

Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løsøre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langødegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkunder

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendommer
- Motorsykkel / moped
- Reiseforsikring
- Verdigenstandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Dod
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – www.etnedalsparebank.no
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – www.vang-spb.no
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – www.slidrebanken.no
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – www.osbank.no
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – www.sparebankgruppa.no

SEMINAR OM DOKKEDANS OG JULEGEIT

31. mars til 1. april var det eit spanande seminar på Valdres Folkemuseum om dokkedans. Initiativtakar og arkivar Elisabeth Kværne har i lag med styret i Valdres Folkemusikklag og instrumentmakarane på museet lagt til rette for eit absolutt vellykka seminar. Ein av innleiarane som var med på å løfte dokkedansen opp til nye høgder, Anne Helgesen, har skrive doktoravhandling om figurteateret si historie. Helgesen fortalde på seminaret at ho ikkje var kjend med dansedokketradisjonen før ho gjekk i gang med avhandlinga, og at det var eit viktig bidrag til figurteaterets historie. Mellom anna har Ragna Brenno Frydenberg vore ei viktig kjelde i avhandlinga til Helgesen.

Andre eksotiske innslag på seminaret stod ikkje minst Evert Kluter for. Med eit utal dansedokker stod han for eit humoristisk innslag under seminaret. Gyda Grøndalen Hoffmann fortalde om julegeit og julebukkmasker i gamal tid, medan Ingar Ranheim sette folkemusikken som kulturuttrykk i samanheng med begrepet identitet. Fredagskvelden vart avslutta med ein vellykka konsert på Slidrehuset, der dansedokkene vart tekne i bruk. Laurdag heldt seminaret fram med rigging og spikking av eigne dansedokker.

Folkemusikkarkivaren i Rogaland, Ruth Anne Moen frå Sand, var godt nøgd med seminaret. – Det var både fagleg interessant og underhaldande. Det er spanande at to fagmiljø møtest og finn kvarandre på denne måten, avsluttar Moen.

KONGELEG SYLV PÅ BEITOSTØLEN

Kong Harald er ein raus kar. Kvart år får ein heldig klassevinnar kongepokalen som synleg prov på sin spel- eller dansekunst. Denne gongen er det dei som tevlar med langeleik og andre eldre folkemusikkinstrument, som skal kappast om sylvet, og det er ikkje umogleg at pokalen hamnar i Valdres. Fleire valdrisar har tidlegare fått tildelt kongepokalen. Både Gunvor Hegge, Anders Røine og Jan Beitohaugen Granli har sikra seg eit eksemplar, sistnemnde under Landskappleiken i Eidfjord i 2004.

EIN ELLER TO ORGANISASJONAR?

I Spelemannsbladet kan ein titt og ofte lesa om behovet for ein eller to landsdekkande folkemusikkorganisasjonar. Kjell Bitustøyl, redaktør i Spelemannsbladet, har i lengre tid meint at tida er moden for ei samanslåing. Styret i LfS derimot meiner reformer må koma som resultat av ein naturleg prosess.

– Kjell Bitustøyl, kvifor meiner du Folkemusikk-Norge er best tent med ein organisasjon?

– Det kan føre til at ein får ein større økonomisk gevinst, som kan koma både amatørar og profesjonelle til gode, seier Bitustøyl, som meiner tida ialfall er inne til å starte diskusjonen.

Kva den framtidige landsorganisasjonen eventuelt kan heite, er det ingen som har våga å føreslå. Kjell Bitustøyl har derimot grubla ei stund og trur Landslaget for folkemusikk og folkedans hadde vore eit ypparleg namn på den samstemde landsorganisasjonen. Om Kjell Bitustøyl får rett i spådomane sine, gjenstår å sjå.

På sporet av kvinnelege førebilete i Folkemusikk-Valdres (I)

KARI RUDI BRAUTE – REISANDE I LANGELEIKSPEL

For 115 år sidan måtte hallingane tilkalle ein valdris – Kari Rudi – for å få blåse nytt liv i langeleikspelet i Hallingdal. Kari Rudi vart fødd i 1846 og voks opp på Braute i Røn, på garden Ulven, og vart òg kalla Kari Braute. Mor hennar var frå Fystro og heitte Hjartrud Nilsdotter. Faren var frå Skammestein og heitte Øystein Kristoffersen Rudi. Mange unge jenter i Røn lærte å spela av Kari. Ho var også sydame, og hadde sykurs i Røn.

I 1890–1891 arbeidde styret i Hallingluren (eit lag som skulle fremja dei gamle folkemusikkinstrumenta i Hallingdal) med å få Kari Rudi til å koma og halde skeid i langeleikspel i øvre Hallingdal. «Då var det ingen her lenger som kunde spela på langeleik,» fortel Hols-boka (b. II).

Av brev frå H.A. Berg til lærar Bækkestad og andre i miljøet rundt Hallingluren går det fram at laget tinga Kari Rudi til å reise rundt i Hallingdal og halde kurs i fleire veker våren 1891. Det var eit økonomisk lyft for laget, og Berg understreka overfor alle som hadde med kursa å gjera, at dei måtte ordne med rimeleg skyss for henne når ho skulle frå ein stad til ein annan, og rimeleg losji. Men i januar 1891 fortel han òg i brev til kontaktpersonane sine i Nes, Ål og Hol: «Hun har tanke på å holde et par konserter dernede. Hun har holdt flere sådanne i by og bygd og høstet meget bifald. Har endog været i de høiere sirkler. Hun er enig i, at alt, hvad hun således måtte tjene, skal bruges til hendes lønning – med andre ord hun holder konsertene til udelukkende indtægt for selskapet.» Vidare fortel han i brev til Erling Bækkestad i februar at Kari Rudi var «meget fin mod os – lod os få beholde de indkomne penge for konserter ca 40 – tog bare de 10 kr deroppe, fik sig alle sine udgifter godtgjort, deriblandt 9.60 til jenten hjemme – og så vilde hun ladt det bero dermed! Jeg gav hende 5 kr (!) atpå, og da var hun svært fornøiet.»

Me veit ikkje sikkert kven som gjekk på kurs hjå Kari Rudi fyrst på 1890-talet. Men me kan gå ut frå at dei som tok del i kappleikane til Hallingluren utover på 1890-talet, alle hadde lært å spela hjå henne. Av breva frå Berg går det fram at dei tenkte på få Kari Rudi til å halde kurs att, både i 1896 og i 1900, og det ser ut for at ho har vore der rundt årsskiftet 1900/1901.

Kari reiste til Minnesota i 1890-åra og heldt konsertar. Ho var altså i Noreg att etter den tid, men døydde i Minnesota i 1916.

Kjelder: Opplysningar frå Marit Fystro, Rogne, og Halgrim Ulsaker, Gol. Brev frå H.A. Berg, Gol til andre medlemmer i Hallingluren.

Aud Søyland

B

NORGE



P.P.



DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE

Nyttige namn og nummer

Lag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Begnaljom spel- og dansarlag	Trygve Bolsstad	61 34 96 94 (p)	959 73 004	
Etmedal spel- og dansarlag	Ellen Wiborg Samnerud	61 12 11 94	959 01 967	
Valdreskvelven spel- og dansarlag	Kari Hagaseth	61 36 82 27 (p)	988 57 553	hagaseth_vang@hotmail.com
Valdreslaget i Oslo	Elisabeth Bring	22 13 79 64 (p)		elisabeth.bring@c2i.net
Vestre Slidre spel- og danselag	Randi Før	61 34 42 10	915 77 695	randifocer@online.no
Vårflaumen spel- og dansarlag	Gunnar Kværne Amundsen		971 85 725	hjelleguten@hotmail.com
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Magny Smedsrud Karlberg	61 34 24 48 (p)	905 92 240	magny.k@online.no
Valdres Folkemusikklag	Oddrun Hegge	61 36 56 52 (p)	971 76 868	audubr@online.no
Jørn Hilde-stemnet	Ola N. Dovre		911 23 185	ola.n.dovre@n2u.no
Strunkeveko	Ole Aastad Bråten		907 63 635	aastadguten@hotmail.com
Landskappleiken 2006	Ola N. Dovre		911 23 185	ola.n.dovre@n2u.no
Valtåg i tradisjonsdans	Tone Voldhaug		992 33 979	tvoldhaug@hotmail.com
V/1 og Jørn Hilde-stemnet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71 (a)	905 12 055	post@valdresfolkemusikklag.no
Strunkeveko, dagleg leiar	Stian Roland	61 36 46 71 (a)	994 48 486	leiar@strunkeveko.com
Valdres folkemusikkarkiv	Elisabeth Kværne	61 35 99 32 (a)	900 45 834	elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no
LFS	Randi Skeie	61 26 10 42 (p)	995 22 538	randi.skeie@folkemusikk.com
LFS, dagleg leiar	Magnar Sundt	22 42 45 30 (a)	950 85 647	lfs@folkemusikk.no

RETURADRESSE:**VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES**